



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan 11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
tlf: 99604555

Drammen 05.07.20

Nore og Uvdal kommune.

Søre Åsen hyttegrend.

Naturvernforbundet i Buskerud har tidlegare ikkje hatt innspel på denne saka. Det er beklageleg, men håpar likevel at vårt innspel nå kan bli del av saken vidare.

Planen gjeld eigedom gnr.116. bnr.2 i Tunhovd. Tiltakshavar ønskjer å bygge 120-160 fritidsbustader og eit alpinanlegg. Planområdet ligg i eit LNF-område. Området er på 274 dekar, der 211 dekar kjem fra kommunen.

Naturvernforbundet er generelt skeptisk til stadig nye hytteområder i bygdenorge. Det kjem stadig nye rapportar om tap av biologisk mangfold. Det gjeld alle deler av flora og fauna. Nedbygging av areal er ein av grunnane til dette tapet.

Når det gjeld planen - Søre åsen har naturvernforbundet i Buskerud følgjande kommentarer:

- Området er eit LNF- område. Så store planar som dette må vera ein del av kommuneplanarbeidet, ikkje dispensasjon etter innfallsprinsippet. Området er heller ikkje regulert til spridd bebyggelse.
- Området ligg i ei randsone til eit større urørt naturområde med mykje gammal skog. Det meste av denne vil bli hogd. Det har negative konsekvensar for lokalklima og dyreliv i område. Spelplass for tiur kan bli skadelidande.
- Utbygginga vil føre til auka biltrafikk, og auka utslepp. Området ligg langt fra eksisterande infrastruktur.
- Utbygginga vil påverke trekveggar for elg og hjort negativt.
- Bratt terreng vil føre til store skjemmande skjeringar, og fare for erosjon i etterkant.
- Fugl med tilknyning til fjell og bjørkebeltet har hatt relativ stor nedgang av bestand. Ei utbygging her vil forsterke dette.

Naturvernforbundet ber om at denne planen ikkje blir realisert. Etter vår oppfatning ber heile prosjektet preg av dårleg planlegging. Det er ikkje eit resultat av kommuneplanarbeidet, men eit resultat av ytre press fra private interesser som klarer å påverke lokalpolitikarane.

Med helsing naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal - styreleiar.

